

Del 2 Års tema 2023-2024


## Yrker i nærmiljøet og bærekraft, ein leikande tilværelse

«Barnehagen skal gi barn mulighet for leik, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter i trygge omgivelser».

*Barnehageloven §2 Barnehagens innhold.*



Leiken er ein viktig del av barna sitt liv; vennskap vert danna og opplevingar bearbeida. Rammeplanen er også tydeleg på at den byggjer vidare på den norske barnehagetradisjonen der leiken har ein sentral plass.




I Ågotnes barnehage skal leiken ha ein sentral plass. Det omfattar både frileik og tilrettelagd leik. Leiken er sentral og mangfaldig og inneholder fleire faktorar som stimulerer barna i deira utvikling:

Leiken er barnet sin viktigaste veg til læring. Den har stor verdi for barnets utvikling. Gjennom leik tileignar barnet seg erfaringar både om seg sjølv som ven og leikepartner, og om korleis verda rundt verkar.

### Mål for leiken i Ågotnes barnehage:

- Barn skal få oppleve stor grad av meistring
- Leiken kan føre til forståing og vennskap på tvers av alder, språk og kultur.



- Barnekultur vert vidareført og utveksla barna imellom



- Barn lærar ulike speleregler og gjer seg erfaring med sosial samspel / kompetanse.

- Fantasien vert vidareutvikla og barna er hovudregissøren i balansen mellom fantasi og virkelighet



- «Å leike er eit mål i seg sjølv»

- Barna får bearbeide gode og mindre gode opplevingar og kan få ei ny forståing av korleis ting omkring dei fungerer.

- Skape gode vilkår for leiken, god tid til den lange og gode leiken utan for mange avbrot. Dette må vi vere bevisst på når vi legg til rette kvar dagen.
- Ha ulike miljø og rom i barnehagen som skal inspirere til leik, gje skjerming til leik og være både inspirerande og innbydande.



- Personalelet skal støtte oppmuntre og inspirere barna sin leik gjennom:



- Legge til rette for godt samspel av aktive vaksne som arbeider for å inkludere alle barn i leik.
- Observere og støtte der dei ser det er naudsynt. Personalelet vil og bruke coaching /beskrivande kommentarar for å få barna inn i leik og bli verande i leiken. Den vaksne kan variere mellom å vere, støttande og rettleiande (coach i leiken)
- Delta i leiken dersom barna ønsker det, og bidra med å trekke inn ny kunnskap og erfaring gjennom opplevingar som igjen vil utfylle og fornye leiken.
- Reflektere saman med barna rundt det å leike i lag; Rolletaking, invitere andre til å vere med, korleis sjølv ta initiativ til å kome med i leiken.
- Vere eit førebilete og setje i gong leik; Gi rom for frileik og legge til rette for at den får ein stor plass i barnehagen.
- Tilpassa leikesituasjonen, at barn med særlege behov skal kunne delta i leik på eigne premiss, etter barnet sitt behov, verbal støtte, organisere andre barn som ein leikeressurs, legge til rette for tilpassa leikegrupper, eller nokre gongar ein til ein leik/aktivitet



## **Leik: Yrker i nærmiljøet, mål 2023-2024**

- Bruke foreldra sine yrker til inspirasjon til val av yrker, jobbe periodevis med ulike yrker. Få innspel i foreldresamtalar t.d.
- Lage tankekart saman med barna, kva er barna opptekne av.
- Lage butikk, leike butikk som alle kan kome og handle i. Bruke tomemballasje.
- Kiosksalg, lage penger og la barna handle på t.d. arrangement
- Leike lege, bamsesykehus, lære barna førstehjelp
- Bildelotto med yrker
- Bensinstasjon, verkstad

## **BÆREKRAFT, mål 2023-2024**

- Dugnad, plukke boss om våren, og elles når vi er på tur
- Sortere alt avfall saman med barna, kaste glass og metall ved Kårtveitpollen når vi er på tur
- Lære barna korleis vi handterer leikar og bøker slik at dei ikkje blir øydelagt, vise korleis vi kan reparere ting
- Ordne is-kiosken i sandkassen, male på nytt på skilta
- Prøve å ete opp maten og drikke opp melka. Unngå matsvinn.
- Lage fuglekasse
- Bruke heile barnehagens område, sjå på kva som kan gjerast for at området skal bli meir attraktivt for leik. T.d. stubbar, benkar under trær, figurar.
- Dyrke enkle matvekstar